

MØTEPROTOKOLL

Formannskapet

Møtestad: **LEIKANGER FJORDHOTELL**

Møtedato: **19.06.2008** Tid: **0900**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
80/08	08/295 Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009
81/08	08/409 Utvida jakttid 2008 -2012
82/08	08/420 Endring av vedtektene for barnehagane i Leikanger
83/08	08/231 Salsløyve for øl for perioden 01.07.08 - 30.06.12.
84/08	08/341 Skjenkeløyve for perioden 2008 - 2012
85/08	08/424 MOT – arbeid i Leikanger kommune
86/08	07/561 Reguleringsplan for bustadfeltet Austaberg - godkjenning
87/08	07/566 Kommuneplan 2008 - 2016. Godkjenning av planprogrammet
88/08	07/35 Evaluering av tilsyns- og revisjonsordninga

80/08

Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Saka vert oversendt kommunestyret.

81/08

Utvida jakttid 2008 -2012

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommune oppmodar fylkesmannen i Sogn og Fjordane om å utvida jakttida for hjortejakt i Leikanger t.o.m. 23. desember i perioden 2008 - 2012.

82/08

Endring av vedtektene for barnehagane i Leikanger

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek:

Tillegg til vedtektene § 9 om foreldrebetaling :

Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel dersom skuldig beløp ikkje er betalt innan 3 veker etter 2. purring, eller at det er inngått avtale med kommunen v/økonomiavdelinga om nedbetalingsplan.

Kommunen gjer merksam på at det er høve til å søkje sosialkontoret om hjelp til å dekke utgifter til barnehage og SFO.

83/08

Salsløyve for øl for perioden 01.07.08 - 30.06.12.

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Med heimel i alkohollova § 1-4, jfr. § 1-6 og kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan punkt. 2.3.1.1 vedtek formannskapet å tildela salsløyve for øl i kl. 2 og rusbrus (2,5 – 4,75%) for perioden 01.07.08 – 30.06.12 til:

NG Kiwi Vest AS	Ansvarleg salsstyrar:	Morten Fardal
	Stedfortredar:	Grete Stadheim
	Utsalsstad:	Kiwi 860 Hermansverk
Coop Vest BA	Ansvarleg salsstyrar:	Marino Ask
	Stedfortredar:	Astrid Solberg
	Utsalsstad:	Coop Prix Hermansverk

Generelt:

For alle løyva gjeld at sal av øl og rusbrus kan føregå innanfor butikkane sine ordinære opningstider, likevel avgrensa innanfor tidsramma 08.00 – 20.00 på kvardagar og 08.00 – 18.00 på dagar før sun- og helgedagar.

For alle løyva gjeld at styrar og stedfortredar må dokumentera kunnskap om alkohollova ved å ha gjennomført offentleg prøve, jfr. alkohollova § 1-7c.

Det vil vidare med heimel i alkohollova § 7-1 verta fastsett ei årleg salsavgift for det enkelte løyve gradert etter omsett mengde alkohol.

84/08

Skjenkeløyve for perioden 2008 - 2012

HANDSAMING:

Framlegg frå representanten Steinar Fredheim:

Fjordkroa AS:

Søknaden om godkjenning av skjenkeareal på terrasse mot rv.55 vert innvilga under føresetnad av at tilhøva blir lagt til rette for det ved å gjennomføre nødvendige krav til avsperring og vakthald/tilsyn av området.

Rådmann får fullmakt til å definere og godkjenne krav til avsperring og vakthald/tilsyn.

Cafè Herman AS:

Søknaden om godkjenning av utomhus skjenkeareal på nedsida av bygget mot gangveg og rv.55 vert innvilga under føresetnad av at tilhøva blir lagt til rette for det ved å gjennomføre nødvendige krav til avsperring og vakthald/tilsyn av området.

Rådmann får fullmakt til å definere og godkjenne krav til avsperring og vakthald/tilsyn.

Det vart først røysta over framlegget frå Steinar Fredheim.

Framlegget om skjenkeløyve til Fjordkroa AS vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Framlegget om skjenkeløyve til Cafè Herman AS vart samrøystes vedteke.

Dei andre løyva vart samrøystes vedtekne i samsvar med tilrådinga.

VEDTAKET lyder etter dette slik:

Med heimel i alkohollova § 1-4a, jfr. § 1-6 og § 1-7 og kommunen sine rusmiddelpolitiske handlingsplan vedtek formannskapet å tildela skjenkeløyve for perioden 01.07.08 – 30.06.12 til:

Fjordkroa AS

Ansvarleg skjenkestyrar: Karin Opthun

Stedfortredar:

Anne Opthun

Løyvet gjeld:

Ålment skjenkeløyve for øl og vin i lokala i 1. og 2. høgda inkludert uteområdet mot sjøen jfr. vedlagd skisse.

Løyve til skjenking av brennevin til slutta lag i lokala i 1. og 2. høgda inkludert uteområdet mot sjøen, jfr. vedlagd skisse

Skjenking kan føregå innanfor lova si ”normaltid” som for brennevin er mellom 13.00 og 24.00 og for øl og vin mellom kl. 08.00 og 01.00

Søknaden om godkjenning av skjenkeareal på terrasse mot rv.55 vert innvilga under føresetnad av at tilhøva blir lagt til rette for det ved å gjennomføre nødvendige krav til avsperring og vakthald/tilsyn av området.

Rådmann får fullmakt til å definere og godkjenne krav til avsperring og vakthald/tilsyn

Sognefjord Hotell AS

Ansvarleg skjenkestyrar: Johannes Jack Eggum

Stedfortredar:

Bente Johnsen

Løyvet gjeld:

Ålment skjenkeløyve for øl, vin og brennevin.

Skjenkearealet inne er definert til bar, dansesal, TV-stove, salong, spisesal, resepsjon og lobby i samsvar med vedlagd skisse. Det vert vidare søkt om å få

Skjenking kan føregå innanfor lova si ”normaltid” som for brennevin er mellom 13.00 og 24.00 og for øl og vin mellom kl. 08.00 og 01.00

Søknaden om godkjenning av utomhus skjenkeareal på nedsida av bygget mot gangveg og rv.55 vert innvilga under føresetnad av at tilhøva blir lagt til rette for det ved å gjennomføre nødvendige krav til avsperring og vakthald/tilsyn av området.

Rådmann får fullmakt til å definere og godkjenne krav til avsperring og vakthald/tilsyn.

Generelt for alle løyva:

Generelt for alle løyva gjeld at styrar og stedfortredar må dokumentera kunnskap om alkohollova ved å ha avlagt offentleg kunnskapsprøve, jfr. Alkohollova § 1-7c.

Det vil vidare med heimel i Alkohollova § 7-1 verta fastsett ei årleg skjenkeavgift for det enkelte løyve gradert etter omsett mengde alkohol.

85/08

MOT – arbeid i Leikanger kommune

HANDSAMING:

Representanten Birte Fossheim sa seg ugild i saka og formannskapet godkjende dette. Vararepresentant Monica Åsnes møtte i hennar stad.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger kommune seier opp avtalen med MOT med verknad frå 31.12.08. Grunngevinga for at kommunen ikkje vidarefører avtalen med MOT følgjer av at det ikkje lenger er gjevi opning for at fleire kommunar kan gå saman om ein felles avtale og deling av kostnadene. Ei vidareføring av avtalen vil også medføre at kommunen får auka driftskostnader utover det budsjettet har dekning for. Innsparde midlar skal tilfalla ungdomsarbeidet.

86/08

Reguleringsplan for bustadfeltet Austaberg - godkjenning

HANDSAMING:

Rådmannen la fram slik endra tilråding:

Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplan av 29.04.08 for bustadfeltet Austaberg med desse endringane:

1. Byggegrensene mot fylkesvegen skal vera som fastsett av Statens vegvesen i brev av 11.06.08. Kravet frå vegvesenet om at utbyggjar sikrar mot at barn kan komma ut på fylkesvegen ved å setja opp gjerde skal takast inn i reguleringsføresegnene.
2. Godkjenninga omfattar ikkje det nordvestre hjørne av planområdet (over kote 117), vist på kart av 17.06.08. Planen vil verta teken opp att til ny handsaming for dette området når utbyggjar har komme til semje med kulturminnestyresmaktene om det påviste automatisk freda fornminnet.

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik, samr:

Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplan av 29.04.08 for bustadfeltet Austaberg med desse endringane:

1. **Byggegrensene mot fylkesvegen skal vera som fastsett av Statens vegvesen i brev av 11.06.08. Kravet frå vegvesenet om at utbyggjar sikrar mot at barn kan komma ut på fylkesvegen ved å setja opp gjerde skal takast inn i reguleringsføresegnene.**
2. **Godkjenninga omfattar ikkje det nordvestre hjørne av planområdet (over kote 117), vist på kart av 17.06.08. Planen vil verta teken opp att til ny handsaming for dette området når utbyggjar har komme til semje med kulturminnestyresmaktene om det påviste automatisk freda fornminnet.**

87/08

Kommuneplan 2008 - 2016. Godkjenning av planprogrammet

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

**Leikanger kommunestyre godkjenner planprogrammet av 06.03.08 med dette tillegget:
Sentrumsutforming vert eit eige tema i kommuneplanen.**

88/08

Evaluering av tilsyns- og revisjonsordninga

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Leikanger kommune vedtek representantskapet sitt framlegg av 27.05.08 til ny selskapsavtale for Sogn og Fjordane Revisjon IKS.